

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7  
 Tilleggsspørsmål nr.  
 Emne: Skav  
 Oppskr. av: E. Tidemann  
 (adresse): Kjerringøy

Fylke: Nordland  
 Herad: Kjerringøy  
 Bygdelag: Kjerringøystranda  
 Gard: Os  
 G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

- SVAR
1. Samnamn for ullåsfør til højel og halmen nemner dei her bunøfør.
  2. Eit slikt samnamn er ikkje kjend her.
  3. Ordet vert bøygd: å skav, skav - skov - ha skave, notidpartisip: skavanes. Som adjektiv: ein og ei skavven, eit skavve fleirtal: skavne
  4. Skav vart nytta som krøterfor både i mi heimbygd, Meløy på nord Helgeland, i Lørfolla og her i Kjerringøy. I alle bygder vert det nund skav og vert eller vart nytta som ullåsfør til højel. - På somme fjellgardar i Lørfolla vart ris og skav endå så seint som i 1918-20 rekna med til det regulære føret. Her i bygda er skav og ris no gått av bruk som hjelpefor, noko avdi jorda vert betri dyrka og - kanskje mest - avdi arbeidskrafta på gardane er så lite no at det vert ikkje tid til det slag arbeid.
  5. På nord Helgeland og i Lørfolla, her eg er kjend, er det helst rogn som vert bruka til skav; men somme stader òg bjørke. Rogna er halde for a vera best.

Osp, lind og aln er det lite av her i Nordland. ~~At~~ rogn og björk kunne det henda det av og til kunne bli skave noko selje. Barne vart aldri bruka til skav.

7. Rogna var det gjevaste. Beslaget til skav og på ymse stader vett den brüste nemnd skav. "Eg skal til skogs etter skav". Då var det rogn han meinte. Det rimet som der er nemnd er ukjend her i Nordland.

8. Skavet vart gjeve til smalen og av og til åt hesten. Hesten fekk slik god tårnad av rognskavet, vart fin og blank i hår: ramer og-feit.

På dei stader skavet kom som altst. før tok dei til med skav ut i mars eller april; men der skavet var ein årviss lutt av vinterforet skov dei så snart det vart kjøreføre så folket fekk nyhogge ved heim.

Skavet vart gjeve for seg sjølv helst om middag. Døna fekk då høy morgo og kveld og skav til middag utan blanda med anna før

9. Mjølkekjøne fekk helst ikkje skav, og om så var måtte det vera rognskav. Då skulle smøret verta fint og gjult. Fekk mjølkekjøa for mykje skav vart ~~smø~~<sup>mjøl</sup> ~~pa~~ beisket

10. Skavet vart tatt i bruk når det gjekk opp for bonden at han fekk "bünö" d. v. s. det vart for lite av vanleg krøterför. Då drog han i "skavskogen" einsvend og hogg rogn og kjørdde heim. Men var

üföre eller langt til skavskogen var  
 rognn både kvista og skaven der ute i  
 skogen. Den skavne vedin var lödd opp,  
 skavel stappa i sekk og boren heim.  
 Dei som skjev björk tek skavel ut av vinter-  
 vedin. Björka vert ikkje så snart turr som  
 rognn og kan stå lenger frå ho er hoggen  
 til ho vert skave. Rognn derimot må bli skaven  
 straks ho er hogge

11. När ein går til skogs eller skav fer han i  
 " skavskogen "

12. "Vedn som er skaven skaven er sjøvelt"

13. Gjenningsordet ä marka er ukjend her.

14. Det var helst i mars og april dei drog i  
 skavskog, særleg när det var rogn som  
 skulle gjeva skavel. At ein skulle  
 dra til skogs på fastande hjarta er  
 ukjend her nord.

15. En det kaldt i veret er storken frosen. Ein  
 må då få vedin fram äd varmess så isen  
 sinar og - ved björkved - at nevra löyp.  
 Ein må difor inn med til omnen -  
 anten i stua eller i kjøkenet - med ska-  
 vel og der vert det skave. Rognskavel  
 kan bli tinn opp av solv armen så det  
 kan bli skave anten ute eller i ved-  
 skjulet eller i fjöset. Men björka må  
 ein inn til omnen med for ä få var  
 til ä löypa.

16. Vi skjev med ein skavl. Han var laga  
 til av ein utbrüka ljäg slik tikkmina skovd.



Dette skjeret var festa  
 til et skaft og vi  
 hadde ein skavl. 2

1851

Ein slik skavel var laga berre for - det vi nemnde - småskaving d. v. s. skaving til krøkerfor. Skulle ein skava ein kornstaur eller hesjestaur bruka han eit reidskap nemnd båndkniv. Han var smidd av smeden, var mykje større enn skavlen og hadde handtak i bae endane.

17. Skulle ein skava saga han først veden i høvelege lengder, dei tjukkaste leggane til famnves, alna lang, dei tunnare noko kortare, skving to omvedlengder. Leggane vert kvista og borne inn til sining. Når is og snø er tina eller nerra løypt av bjørkleggane tek skavinga til. Ein sett då leggen på vinstre læret, står han med vinstre handa og driv skavlen med høgre, om ein di ikkje er vinstrehend.

Skavinga tek hardt på kleda på det vinstre læret. For å verne kleda legg ein på eit mellomlag helst av skinn. Under skavinga sit ein på ein vanleg stol eller ein skamnel. Skavel samtalar ein opp i kasse, bylle eller sekk og ber det åt fjøset.

Var det ein kornstaur eller ein hesje-påle som skulle bli skave vart det gjort ute, anten i vedskjulet eller på fri mark. Då vart stauren stødd mot anten mot veggen eller mot sagstolen. Noko særskild innreiding var omsyn til denne skavinga er ikkje kjend her.

18. Den her nemnde skikk er ukjend av meg. Skavhal er òg ukjend.

19. Lgå det som er skrive til folk 17.

V

20. Veden som er skave er sjævvell. Ein einstkild kjæpp er ein sjævvelllegg og har ein lag sjævvell i la får ei sjævvell.

21. Borken som er skave av med tanke på at han skal vera broterfor er skar. Ein einstkild borkbite er ei skarflis.

22. Ein skjer heile búska når det er rogn. Er det björk ein skjer vert berre stamm - men - leggen - skaven. På björka er kvis lane - greinene - for ubelle til å bli skavne. Dei tjukke leggane gjev grovare skar. Det vert nytta til dei eldre dyra, d. v. s. vaksne saue, kvi og hest. Dei tunne leggane gjev finare skar, og vert det nytta til ungfeet. Veden ein skjer er alstøtt noko lengre enn vanleg brunnved, helst som to slike lengder.

23. På det som er sagt under bolk 20. Vi har ikkje fleirtal for "sjævell", bunde form er ~~sjæll~~ sjævelln. Er det fleirtal vert det nemnd sjævell-lagga eller sjævellkjæppe, tunn eller tjukk, det er det same.

24. Skavel måtte ikkje vera for tjukt. Vart det for tjukt ville ingen eta det. Det galdt difor om å vera lett på handa når ein skov. fram for alt måtte det ikkje bli ved med på skarflisene.

25. Den tid det vart nytta steinkjerringar til bakarom vart den skavne veden nytta til bakaromved. Han var turr og verndegodt. No er det konfyarar på kvar ein gard og i dei nytta ein meir ved av alle slag.

26. Her i bygda er det mest heilt slutt med

VI

6

skavinga. Det vart det då böndene fekk  
„bidrag“ til jorddyrkninga og dei tok til å nytta  
künsthevd til marka. Desse to faktorane  
har virka at böndene jamt over får meir  
for enn dei har husrum at dei krøtera  
dei kunne ha for til.

No kan det henda at det <sup>på</sup>varsides  
gardar, og gardar med med skrimn jord  
men med god bürmark kan brukka skav.  
Men det vert fåare og fåare for kvart  
år som går.

Dette var om skav som allat-  
for. Men det har òg vore nytta ris av  
bjørk, brom av rogn og selje og  
tang og tare. Det kunne høva å  
laga ei særskild liste over det emnet.

Herringsøy 22-1-1948

K. Tidemann